

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset, Bergen

**Dato:** 01.02.2017

**Tidspunkt:** 09:00-12.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Eva May Sandvik	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Møtte for	Representerer
Nina Murberg		FFO

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/rådgjevar Fylkessekretariatet
Birte Markeseth Aasen	Stabsleiar, Øk. Og organisasjonsavd.
Benedicte Meyer	HR, tillitsvald
Camilla Løvås Stavnes	Regionalavd.

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/17	Godkjenning av møteinkalling		
PS 2/17	Godkjenning av sakliste		
PS 3/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/17	Referatsak (meldingar)		
PS 5/17	Høring på ny byggeteknisk forskrift, TEK 17	2017/485	
PS 6/17	Høring - NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming.	2017/485	
PS 7/17	Invitasjon til høring - Direkte tilgang til fysioterapeut uten henvisning fra lege	2017/485	
PS 8/17	Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
PS 9/17	Ymse		

## PS 1/17 Godkjenning av møteinkalling

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

### Vedtak

Møteinkallinga vart godkjent utan merknader.

## PS 2/17 Godkjenning av sakliste

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

### Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader.

## PS 3/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

### Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknader.

## PS 4/17 Referatsak (meldingar)

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

### Referat frå AU-møte i RMNF den 05.01.17:

Møteleiar: Kjell Håland, leiar

Referent: Merethe Helland Nordnæs

**Saker:****Sak 35/16 Årsmelding for RMNF for året 2016**

Arbeidsutvalet gjekk gjennom årsmeldinga for 2016. Dette møtet var primært eit arbeidsmøte for årsmeldinga 2016. Årsmeldinga vil verte lagt fram i møte i RMNF den 01.02.2017 og til fylkestinget den 07.03.2017.

Layout: Same type layout som ifjor. Merethe har kontakta ein kollega på informasjonsavdelinga, som kan hjelpe til med dette.

Rådets samansetning.

Rådets mandat.

Rådets oppgåver/arbeid. Kjell Søvik sitt innlegg, med nokre justeringar frå Kjell Håland.

Orientere om synfaring ved tannlegevakten i Solheimsviken og på Hordaland teater.

RMNF har gjennomgått brann- og evakueringsrutinar i fylkesbygget.

Generell side til slutt.

**Andre saker:****Sak. Saksliste og program for møtet 01.02.2017:**

Kl. 09.00 – kl. 09.30: Orientering om arbeidet med handlingsplan for menneskeverd, ved Birte Markeseth Åsen, Organisasjonsavdelinga.

Kl. 09.30 – kl. 09:50: Orientering om «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» - orientering om status for arbeidet, ved Camilla Løvaas Stavnes, Regionalavdelinga.

Kl. 09.50 – Sakshandsaming

**Referatsaker:**

Nytt fast medlem i rådet, May Eva Sandvik (H)

Nytt varamedlem i rådet, Mona Røsvik Strømme (H)

**Deltasenteret**, nettverkssamling i Bergen den 08. og den 09.05.2017 i Bergen på Hotell Ørnene. Rådets medlemmer kan melde seg på.

**Meldingssak i AU-møtet:**

Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017-2019, kandidatar til regionalt brukarutval. Rådet har ikkje medlemmar der. Henvendelsen bør gå til FFO.

**PS 5/17 Høring på ny byggteknisk forskrift, TEK 17****Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

Rådets medlemmar støtter fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling i tre punkter.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland ønskjer å kome med dette tillegget:

«RMNF vil fraråde å lempe på krava til tilgjengelighet og funksjonalitet i mindre bustader. Ein tilgjengelig og funksjonell bustad er ikkje berre for den/dei som skal bu der, men også for dei som er på besøk der. Viktigheten av å ivareta behovet for utsikt/storleik på balkong og toalettforhold må ivaretakast.»

**PS 6/17 Høring - NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming.****Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017****Vedtak**

RMNF har handsama denne saka idag. Rådets medlemmar støtter fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til løft 2., sak 2017/445-1 frå opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen gir i denne saka berre uttale til Løft 2, inkluderande og likeverdig opplæring. Rådet vil gje uttale til alle dei 8 punkta:

Høyringssvar frå Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland.

«Utvalget har gjort eit stort og omfattande arbeid med denne rapporten, og den er eit viktig dokument i arbeidet vidare med å styrka rettighetane til utviklingshemma. Men det skulle i tillegg vore eit Løft nr 9, som omhandla ferie og fritid for den utviklingshemma. Eit så viktig emne burde vore kartlagt på lik linje med dei andre løfta.

NOU 2016: 17 kapittel 1 tabell 1.1 er ein grundig dokumentasjon på korleis mange utviklingshemma har det i dag, med diskriminering, manglende tilrettelegging, tvang, manglende reell fridom, vold, overgrep, misbruk, sviktande omsorg osv.

Løft 1. Sjølvbestemmelse og rettssikkerhet. FN-konvensjonen om rettighetane til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) må snarast takast inn i norsk lov, dette gjeld også tillegget som ikkje vart tatt med under ratifiseringa. RMNF støttar utvalget på alle punkt.

Løft 2. Inkluderande og likeverdig opplæring. At utviklingshemma i stor grad blir undervist av ufaglærde, er diskriminerande, og her må lova endrast, slik at kun kvalifisert personell kan brukast i denne undervisninga. Når det gjeld universell utforming av eksisterande skulebygg, må det utarbeidast ein plan for opprusting og fastsetjast ein dato for ferdigstillelse, gjeld både kommunar og fylker. Elles støttar RMNF fleirtalet.

Løft 3. Arbeid for alle. For folk flest er det svært viktig å ha ein jobb å gå til. For ein stor del av dei utviklingshemma er det endå viktigare å ha ein fast jobb å gå til kvar dag. Støttar elles utvalget på alle punkt

Løft 4. God helse og omsorg. God beskrivelse av situasjonen i dag, og krevjande, men naudsynte tiltak for å få den utviklingshemma i sentrum, og ikkje la berre økonomien styra tilbodet.

Løft 5. Eigen heim. Nokon ønskjer å bu i bufellesskap, medan andre vil bu for seg sjølv, men har ingen mogelegheit på grunn av därleg økonomi. Her må Husbanken styrkast.

Løft 6. Kompetanse og kunnskap. Det er i dag alt for mange ufaglærte som jobbar innan tenester for utviklingshemma. Utvalget har ein god beskrivelse både av situasjonen i dag, og av kva som må til for å retta på desse tilhøva.

Løft 7. Koordinerte tenester. Utvalget har her dokumentert därleg samarbeid og mangelfull koordinering, men har lite eller ingenting om årsakene til dette. Dette er eit område som treng meir kartlegging, så ein kan finna ut om det er systemsvikt eller personrelaterte årsaker, og deretter setja inn dei rette tiltaka for å bøta på manglane. Her meiner RMNF at Bufdir må styrkast og få det koordinerande ansvaret.

Løft 8. Målretta styring. Her er det god grunn til å stilla spørsmål om kompetansen til både politisk og administrativ leiing på fleire plan, og her ligg den største utfordringa til forbetring.»

**Representanten Solbjørg H. K. Marjala (FL, R/SV/SP KRF)** sette frem slikt forslag:

«Særlig i henhold til opprettholdelse av spesialskoler».

**Røysting:**

2 Representantar, Solbjørg H. K. Marjala ( FL R/SV/SP/Krf) og May Eva Sandvik (H) røysta for dette forslaget. Forslaget falt.

**Vedtak:**

Rådets medlemmer støtter fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til løft 2, Men rådet vil gje uttale til alle 8 punkta.

Høyringssvar frå Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland.

«Utvalget har gjort eit stort og omfattande arbeid med denne rapporten, og den er eit viktig dokument i arbeidet vidare med å styrka rettighetane til utviklingshemma. Men det skulle i tillegg vore eit Løft nr 9, som omhandla ferie og fritid for den utviklingshemma. Eit så viktig emne burde vore kartlagt på lik linje med dei andre løfta.

NOU 2016: 17 kapittel 1 tabell 1.1 er ein grundig dokumentasjon på korleis mange utviklingshemma har det i dag, med diskriminering, manglante tilrettelegging, tvang, manglante reell fridom, vold, overgrep, misbruk, sviktande omsorg osv.

Løft 1. Sjølvbestemmelse og rettssikkerhet. FN-konvensjonen om rettighetane til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) må snarast takast inn i norsk lov, dette gjeld også tillegget som ikkje vart tatt med under ratifiseringa. RMNF støttar utvalget på alle punkt.

Løft 2. Inkluderande og likeverdig opplæring. At utviklingshemma i stor grad blir undervist av ufaglærde, er diskriminerande, og her må lova endrast, slik at kun kvalifisert personell kan brukast i denne undervisninga. Når det gjeld universell utforming av eksisterande skulebygg, må det utarbeidast ein plan for opprusting og fastsetjast ein dato for ferdigstillelse, gjeld både kommunar og fylker. Elles støttar RMNF fleirtalet.

Løft 3. Arbeid for alle. For folk flest er det svært viktig å ha ein jobb å gå til. For ein stor del av dei utviklingshemma er det endå viktigare å ha ein fast jobb å gå til kvar dag. Støttar elles utvalget på alle punkt

Løft 4. God helse og omsorg. God beskrivelse av situasjonen i dag, og krevjande, men naudsynte tiltak for å få den utviklingshemma i sentrum, og ikkje la berre økonomien styra tilbodet.

Løft 5. Eigen heim. Nokon ønskjer å bu i bufellesskap, medan andre vil bu for seg sjølv, men har ingen mogelegheit på grunn av dårlig økonomi. Her må Husbanken styrkast.

Løft 6. Kompetanse og kunnskap. Det er i dag alt for mange ufaglærte som jobbar innan tenester for utviklingshemma. Utvalget har ein god beskrivelse både av situasjonen i dag, og av kva som må til for å retta på desse tilhøva.

Løft 7. Koordinerte tenester. Utvalget har her dokumentert dårlig samarbeid og mangelfull koordinering, men har lite eller ingenting om årsakene til dette. Dette er eit område som treng meir kartlegging, så ein kan finna ut om det er systemsvikt eller personrelaterte årsaker, og deretter setja inn dei rette tiltaka for å bøta på manglane. Her meiner RMNF at Bufdir må styrkast og få det koordinerande ansvaret.

Løft 8. Målretta styring. Her er det god grunn til å stilla spørsmål om kompetansen til både politisk og administrativ leiing på fleire plan, og her ligg den største utfordringa til forbetring.»

## **PS 7/17 Invitasjon til høring - Direkte tilgang til fysioterapeut uten henvisning fra lege**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

Denne saka går ut.

## **PS 8/17 Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

#### **Vedtak**

Rådet seier seg nøgde med Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

## **PS 9/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

I møtet den 01.02.2017:

Kl. 09:00-09:30: Orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering v/stabsleiar Birte Markeseth Aasen, Organisasjons- og økonomiavdelinga.

Kl. 09:30-09:50: Orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, V/Camilla Løvås Stavnes, Regionalavdelinga.

Neste møte i AU-RMNF er den 05.05.2017. Ein vil då vurdera om det er behov for å kome med ein uttale til Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.

Administrasjonen vil ta kontakt med Mobbeombod Marie Kristine Morberg, med tanke på ei orientering på neste møte i rådet den 05.04.2017.

Invitasjon til Temadagen for råda den 27.03.2017, vil verte sendt ut innan kort tid.

**Representanten Inge Fiskvik (FFO)** hadde fylgjande oversendingsspørsmål til Samferdselsavdelinga:

«RMNF har fått opplyst at det vil bli utsendt eit brev frå Samferdselsdepartementet kor fylkeskommunane kan søkja om ei utvida ordning for tilrettelagt transport for menneske med særlege behov, rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vil prioritera arbeidet med ein søknad og etablere eit godt samarbeid med interessenter i utarbeidingsa av søknaden der ein sikrar eit tilstrekkeleg tilbod til gruppene.»